



**Mellombels løyve etter forureiningslova for  
Hjartdal kommune  
til redusert reinsing ved ombygging av Russmarken reinseanlegg**

Løyve er gitt i medhald av *lov om vern mot forurensningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6* (forureiningslova), § 11 jf. § 16, 22 og 40, samt *forskrift av 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) § 14-6.

Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad og under saksbehandlinga. Vilkåra er gitt på side 4 til og med side 6.

Dette mellombelse løyvet er et tillegg til løyve gitt 07.05.2010 og sist endra 01.03.2011. Ein oversikt over kva for krav som erstattar tidlegare krav og kva for krav som er tillegg er vist i tabell på side 2.

**Bedriftsdata**

Namn	Hjartdal kommune
Adresse	Saulandsvegen 414, 3692 Sauland
Postadresse	Saulandsvegen 414, 3692 Sauland
Kommune og fylke	Hjartdal i Vestfold og Telemark
Org. nummer (bedrift)	983 631 118
Lokalisering av anlegg	UTM sone 32, øst: 488920, nord: 6626389
NACE-kode	37.00
Bransje (nace)	Oppsamling og behandling av avløpsvatn

**Statsforvaltarens referansar**

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2021.0696.T	3819.0015.02	2018/337

Løyve første gang gitt: 01.10.2021	Løyve sist revidert i medhald av fl § 18 tredje ledd:	Løyve sist endra:
Siv Hege Wang Grøvo fagsjef		Pernille Bechmann rådgjever

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Oversikt over relasjon til vilkår i løyve gitt 07.05.2010 og sist endra 01.03.2011**

Vilkår i dette løyvet	Vilkår i løyve sist endra 01.03.2011	Kommentar
1 Rammer	2. Utsleppsramme	Erstattast fullt ut
2.1 Generelt		Nytt
2.2 Reinsekrav	6.1 Reinsekrav	Erstattar reinsekrav for Russmarken RA
2.3 Dokumentasjonskrav	6.4 Prøvetaking, analyse og vurdering av analyseresultat	Supplerer krav
3 Resipientovervaking	8 Krav til resipientovervåking	Erstattast fullt ut
4 Krav til rapportering	9 Krav til rapportering	Supplerer krav



## Innhald

1	Rammer for løyvet .....	4
2	Krav til reinsing av avløpsvatn .....	5
2.1	Generelt .....	5
2.2	Reinsekrav.....	5
2.3	Dokumentasjonskrav.....	5
3	Resipientovervaking .....	5
3.1	Overvaking etter vassforskrifta .....	5
3.2	Rapportering av overvakingsresultat .....	6
3.3	Registrering i Vannmiljø.....	6
4	Krav til rapportering.....	6
4.1	Årleg eigenkontrollrapportering.....	6
4.2	Årlege vurderingar av driftsforhold.....	6



# 1 Rammer for løyvet

Løyvet gjeld all transport, behandling og utslepp av kommunalt avløpsvatn, inkludert eventuelt forureina overvatn frå tettbygd område på Russmarken i Hjartdal kommune på inntil 1 750 BOF<sub>5</sub> personekvivalentar (pe) i maksveke.

Alle tettbygde område som er knytt til same reinseanlegg, også tettbygd område i andre kommunar, blir rekna som eitt tettbygd område i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 11, § 11-3 bokstav k, andre ledd.

Kommunen skal til ei kvar tid ha oppdatert dokumentasjon på t utbreiing (areal) og størrelse (pe utrekna som BOF<sub>5</sub> etter NS 9426 eller anna) for tettbygd område. Ved utbygging av kommunen sin infrastruktur eller vesentleg utviding av verksemd som fører med seg auka utslepp frå tettbygd område, skal geografiske utbreiing og utsleppsstørrelse for tettbygd område oppdaterast.

Kommunen pliktar å sørge for at det er samsvar mellom reinsekapasitet og størrelsen på potensielt utslepp (BOF<sub>5</sub> pe) av avløpsvatn i maksveke frå det tettbygde område før slike endringar som nemnt over blir realisert. Dersom størrelsen på det faktiske utsleppet i BOF<sub>5</sub> pe overskrider rammene for pe i løyvet, er dette i strid med løyvet. Kommunen pliktar difor å varsla Statsforvaltaren og gjere greie for om dette skuldast ei enkeltstående hending, eller om det vil vere ei permanent endring. Ved langvarige overskridingar pliktar kommunen å utarbeide ein tiltaksplan for å redusere konsekvensane av dette på kort og lang sikt. Ved permanente utvidingar, må kommunen søke Statsforvaltaren om ei endring av løyvet.

Krava i dette løyvet tar utgangspunkt i utrekna potensielle utslepp frå tettbygd område etter NS 9426<sup>1</sup> datert 12.07.2021. Utrekna tal er samanfatta i tabell 1 for å unngå tvil om kva utsleppsforhold som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt.

Tabell 1: Utrekna potensielle utslepp frå tettbygd område

Kjelde	Utrekna BOF <sub>5</sub> (pe) i 2021	Utrekna BOF <sub>5</sub> (pe) i 2023
Fast busette	4	4
Kommunale verksemder og arbeidsplassar, hotell o.l.	65	65
Hytteområde	1120	1680
Påselepp industri	0	0
Overføring frå andre kommunar	0	0
Septikslam mottak	0	0
<b>SUM</b>	<b>1189</b>	<b>1749</b>
Vekenr. for veke valt som veke med maksimale utslepp	Påske	

Dette løyvet omfattar Russmarken reinseanlegg.

Krava til overvaking i dette løyvet er tilpassa behovet for samordna overvaking etter vassforskrifta.

<sup>1</sup> Det skal her tas utgangspunkt i den maksimale, gjennomsnittlege vekebelastninga i BOF<sub>5</sub> (pe) til avløpssystemet som oppstår i den veka i året med høgast belastning. Utrekningane skal vera representative for situasjonen på søknadstidspunktet og 10 år fram i tid.



## 2 Krav til reinsing av avløpsvatn

### 2.1 Generelt

Alt avløpsvatn som er medrekna i det tettbygde området sin utsleppsstørrelse, skal behandlast slik at same minimumskrav til reinsing blir oppfylt, uavhengig av dimensjonerande kapasitet og teknologi ved reinseanlegga. Dette gjeld også for private avløpsanlegg over 50 pe som ikkje er knyta til kommunalt avløpsnett. Kontrollkrava er likevel tilpassa det enkelte anlegg.

### 2.2 Reinsekrav

Frem til nytt reinseanlegg er i drift og maksimalt til 31.12.2023 gis løyve til redusert reinsegrad ved Russmarken reinseanlegg. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar kommunen å redusera utsleppa så langt det er mogeleg utan urimelege kostnader. Redusert reinsekrav for perioden er gitt i tabell 2. For organisk stoff må prøvene minimum overhalde krav enten til reinseffekt eller konsentrasjon.

*Tabell 2: Reinsekrav for Russmarken RA (før infiltrasjon). For organisk stoff må minimum reinseffekt eller konsentrasjonskrav være oppfylt. Gyldig frå d.d. til 31.12.2023.*

Parameter	Reinsekrav (%)	Konsentrasjonskrav (mg/l)
Fosfor	80	
BOF <sub>5</sub>	60	25
KOF <sub>Cr</sub>	65	125

### 2.3 Dokumentasjonskrav

Det skal tas prøver ved innløp og utløp frå reinseanlegget. Prøver av utløp skal bli tatt før infiltrasjon i grunnen. Det er ikkje krav om akkreditert prøvetaking frå mellombels reinseanlegg. Krav til antal prøver og parameter er gitt i vilkår 6.4 i løyvet sist endra 01.03.2011

## 3 Resipientovervaking

### 3.1 Overvaking etter vassforskrifta

Kommunen skal overvake korleis utslepp frå verksemda påverkar tilstanden i vassførekomsten. Overvakinga skal kunne vise om utsleppa medfører dårlegare miljøtilstand og om miljømål for resipienten ikkje blir nådd, jf. vassforskrifta §§ 4 og 18. Overvakinga skal gjennomførast i tråd med vassforskrifta sine føresegner for tiltaksorientert overvaking, jf. § 18 og vedlegg V punkt 1.3, og vurderast etter klassifiseringssystemet for miljøtilstand i vatn<sup>2</sup>.

Kommunen skal i samarbeid med nødvendig fagekspertise og eventuelle andre påverkarar utarbeida eit overvakingssystem for dei resipientane som blir berørt av avløpsvatn. Overvakingssystemet skal leggjast fram for Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark for eventuelle merknader innan 01.12.2021.

Overvakingssystemet skal følgje anbefalingar gitt i gjeldande versjon av rettleiaren Klassifisering av miljøtilstand i vann (02:2018). Programmet skal vise og grunngi kva element som vil bli undersøkt. Plasseringa av prøvetakingspunkt og prøvetakingsfrekvens, korleis og i kva medium (biota, sediment

---

<sup>2</sup> Veileder 02:2018 Klassifisering av miljøtilstand i vann. Økologisk og kjemisk klassifiseringssystem for kystvann, grunnvann, innsjøer og elver.



etc.) undersøkingar vil bli gjennomført, skal også gå fram av og grunnvist i programmet. Ved behov for endring av overvåkingsprogrammet, skal utkast til endringar med grunngeving sendast statsforvaltaren seinast 1. oktober året før undersøkingane skal gjennomførast.

Overvakinga skal settast i gang slik at overvåkingsrapport kan sendast Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark innan 01.03.2023. Overvakinga skal gjennomførast med eit intervall på 3 år med unntak av enkelte element der Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark har gitt aksept for ein utvida frekvens.

Dersom utslepp eller tilstanden i vassførekomsten endrar seg, kan Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark pålegge ei utviding av overvåkingsprogrammet som omfattar målepunkt, element og/eller frekvens.

### **3.2 Rapportering av overvåkingsresultat**

Resultat frå resipientundersøkingar etter vassforskrifta jf. 3.2 skal sendast Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført. Resultata skal vurderast etter det til ei kvar tid gjeldande klassifiseringssystem for vatn, gitt i vassforskrifta og rettleiingsmateriell til forskrifta. Gjeldande rettleiar per 30.08.2021 er «Klassifisering av miljøtilstand i vann (02:2018)».

### **3.3 Registrering i Vannmiljø**

Alle overvåkingsdata skal registrerast i databasen Vannmiljø (<http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>) innan 1. mars året etter at undersøkingane er gjennomført. Data skal rapporterast på Vannmiljø sitt importformat. Importmal og oversikt over kva informasjon som skal registrerast i samsvar med kodeverket i Vannmiljø finst på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>.

## **4 Krav til rapportering**

### **4.1 Årleg eigenkontrollrapportering**

Kommunen skal rapportera avløpsdata til Miljødirektoratet innan 1. mars kvart år. Rapporteringa skal skje slik Miljødirektoratet legg til rette for. Rapporteringa skjer i dag via Altinn.

### **4.2 Årlege vurderingar av driftsforhold**

Kommunen skal årleg gi ei skriftleg vurdering av driftsforholda siste kalenderår for avløpsnett, reinseanlegg, slamhandtering og overvaking med vekt på overordna, kvalitative vurderingar.

Data som blir rapportert i eigenkontrollrapporteringa eller til Vannmiljø er det ikkje nødvendig å repetera i årsrapporten, ut over kva kommunen sjølv finn føremålstenleg og naturleg for å underbyggja konklusjonar.

Årsrapportane skal lastast opp som vedlegg til eigenkontrollrapporten til Miljødirektoratet for kommunens hovudleidningsnett, inntil denne rapporteringa eventuelt blir integrert i skjema for eigenkontrollrapportering.